

OM INFOMEVI300. ERFARINGAR, TANKAR 2009-2015.

Jan F.

Underteikna har hatt delt ansvar for Infomevi300 sidan hausten 2009, som fram til hausten 2011 var eit kurs som gjekk kvart semester, etter hausten 2011 som eit årleg kurs. Dette betyr og at antalet studentar på kurset har auka totalt frå 20-25 studentar pr kurs til 40-50 studentar i dag. Kurset er eit felles ansvar for instituttet, og i mi tid har eg hatt kurset saman med Andreas, Bjørnar, Ankica og Barbara.

I. GENERELL DEL

Dette er skrive dels for å gje litt informasjon om kurset til dei i gruppa som ikkje har vore involvert i planlegging/leiing av dette kurset dei siste åra, og dels som nokre tankar om utfordringar og moglegheiter for kurset.

Hovudtrekka i kurset har vore nokså uendra i perioden, der faste element har vanlegvis vore:

- seminarverksemd og personleg rettleiing av prosjektskisser
- orientering frå forskingsgrupper om sin aktivitet og andre sentrale ressursar ved instituttet (Nordicom/medieNorge for medievidarane)
- kurs i litteratursøk (i tråd av SV-biblioteket, vanlegvis Pernille Lothe)
- undervisning i samfunnsvitenskapleg metode (vanlegvis med hovudfokus på intervjumetode og surveymetode)
- nokre tilleggsforelesingar i informasjonsvitenskapleg metode (ofte: designmetode, observasjon)
- nokre tilleggsforelesingar knytt til humanistisk metode (hermeneutikk, ulike typar tekstanalyse)
- etikkforelesing (med Dag E + orientering frå NSD)
- akademisk skriving (litt meir varierende)

Infomevi300 har på to måtar vore eit delt kurs:

- tematisk: ved å kombinere eit *skisseseminar* (med fleire innleveringar, personleg rettleiing og seminarverksemd knytt til skissene) og ein slags "*forskarskule*"/*metodekurs*.
- organisatorisk: alt som angår *skissene* har i denne perioden forgått separat for informasjons- og medievitenskap. Dei fleste forelesingane har vore felles, men nokon har vore obligatoriske berre for eitt av faga (jfr. dei vedlagde undervisningsplanane).

Det har vore vanleg med fire innleveringar: (1) ein kort prosjektomtale (200 ord) og deretter tre gradvis større innleveringar - (2) litteraturgjennomgang/problemstilling, (3) fyrsteutkast (med metode), (4) endeleg utkast.

Når dei gjeld dei tidlegare åra (før 2009) er eg usikker på i kva grad Infomevi300 i realiteten var eit felles kurs på denne måten, eg har i alle fall høyrd om eit tilfelle der studentgruppene og forelesarane aldri møttest.

Det faglege samarbeidet mellom infovitane og medievitenskap i organiseringa og gjennomføringa av kurset har fungert godt. Spørsmålet må heller vere om kurset er hensiktsmessig slik det er lagt opp i dag, og anna organisering eller innhald kan vere betre.

II. SETT FRÅ MEDIEVITENSKAPEN

Om kurset er eit felles ansvar for dei to kurshaldarane, betyr den delvise todelinga at me som er kursansvarlege ikkje har fylgd skisseseminara/skissene for det andre faget, og det er også forelesingar/aktivitetar for det andre faget som me ikkje har delteke på. For min eigen del er det og vanskeleg å vurdere kva som vantar eller er styrker sett i høve til Informasjonsvitenskapen som brei disiplin, kravet til deira masteroppgåver og det føregåande studieløpet deira. Av den grunn verkar det mest rett at eg skriv mine tankar hovudsakleg med utgangspunkt i medievitenskapen og mine erfaringar med dette.

Prosjektskisseutviklinga

Fram til nokre år sidan besto tilbakmeldingane (i medievitenskap) hovudsakleg av to seminar med studentar som opponentar og underteikna i plenum, samt personleg rettleiing av alle av underteikna - ofte i fleire omgangar. Omlegginga frå halvårleg til årleg kurs har gjeve fleire studentar, og behov for andre måtar å gjere det på. Dei seinaste åra har eg organisert medievitenskapsstudentane i 4-5 grupper (a 5-6 studentar) og hatt gruppevise seminar med underteikna og ein invitert spesialist på området frå staben, framleis med studentopponentar, men med eit større grad av kollektiv rettleiing, og mindre individuell rettleiing. Dette meiner eg har vore ei stor forbetring.

Styrker med dagens opplegg:

- * Stort sett alle som startar kurset klarer levere ei projektskisse og får bestått kurset
- * Dei som skriv om same tema vert kjende med kvarandre (via gruppeseminara)
- * Gruppeseminara gjev meir tid til samtalar om det enkelte prosjekt
- * Den faglege staben vert drege meir inn i rettleiinga av prosjekta via gruppene
- * Gruppene kan tenkast danne utgangspunkt for kollokviegrupper i det vidare masterarbeidet

Utfordringar:

- * Studentane er nesten aldri interesserte i å skrive oppgåve tilknytt pågåande prosjekt i staben, også sjølv om konkrete prosjekt vert foreslått av forskingsgruppene / staben for dei. Her verkar vere ein stor uforløyst ressurs som kan støtte opp om forskinga på instituttet, og samstundes sikre eit betre miljø for masterstudenten. Her bør ein vurdere tiltak.
- * Nokre studentar må velje tema i sitt fyrste mastersemester - som er uheldigt.
- * Nokre skisser er svært svake. Ofte er dette studentar som jobbar mykje / har mange verv ved sidan av (dei har også problem med det obligatoriske oppmøtet) - og fører fram til neste punkt på lista:
- * Det opplevast vanskeleg å stryke studentar (kurshaldarane er sensor for "sine" skisser) gjeve dei alvorlege konsekvensane dette får (i praksis gjev ein dei ekstra tid og ber dei forbetre skissa, men ikkje alle klarer omfangskravet på 7500 ord). I praksis stryk nesten ingen som ikkje formelt tek permisjon / melder seg av kurset, berre skissa tilfredstillar kravet om sidelengd og har eit grunnleggjande fagleg innhald. Gruppa kan gjerne meine noko om kurset (i alle fall for medievitenskap) i større grad skal avvise svake skisser, og ev. korleis dette bør administrerast (ekstra sensor? sensur i fleire fasar? etc.).
- * Erfaringsvis arbeider studentane godt med skissene til omlag halvvegs i kurset, då vert dei innhenta av andre eksamenar og det er lite utvikling av prosjekta i andre del av kurset.
- * Ein forventar på kurset at studentane har samtale med ein potensiell rettleiar i samband med prosjektomtalen. Tidlegare var problemet at nokre studentar aldri hadde

kontakt med nokon i fagstaben i samband med skisseutviklinga. No er problemet omvendt. Mange studentar verkar regelrett "tjuvstartar" rettleinga og har mange samtalar med fleire potensielle rettleiar i staben i løpet av kurset. Dette kan sjåast på både som eit fagleg gode og ein for stor belastning av staben, i alle fall for nokre av dei. Det foregår også ein del individuell rettleing med meg, men i langt mindre omfang enn før, og ofte nokså kort, som nok skuldast litt dette, men truleg mest gruppeseminara.

* Kravet om å utforme prosjektskisse kjem brått på dei. Burde ein hatt ei eiga samling med studentar som har søkt masterstudiet så snart dette er klart, mao. semesteret før dei startar, med fokus på dette?

Det er etter mitt syn ikkje eit stort behov for endringar i skissedelen av kurset, men eg trur at studentar skulle ynskje at ein brukte endå meir tid på slike seminar. Eit forslag vil vere at gruppene vert organisert svært tidleg i kurset, og at desse vert sett opp med møter til faste datoar - t.d. annankvar veke. Men at kursleiar/fagstab berre deltek på to av desse, som i dag. Programrådet vil også forsøke ta initiativ til at gruppene vert oppretthaldt gjennom arbeidet med masteroppgåva, men då utan deltakarar frå staben.

Ei anna sak er om ikkje ein burde i sterkare grad enn før forsøke organisere dei inn i eksisterande forskingsprosjekt ved instituttet, men den vegen verkar vanskeleg sidan berre eit fåtall av forskingsgruppene i medievitskap verkar ha jamnlege møter.

Litteratur (sjå pensum i kursbeskrivinga)

Kurslitteraturen er nokså generell: ei bok om masteroppgåva (valfri frå tre: Eco, Everett/Furset eller Nygaard - 150-180s, for å kunne gje valfridom - Eco er mest retta mot HF, Everett er meir ålmenn (og finst også på engelsk), og Nygaard er meir retta mot skrivning.). Dette er i all hovudsak bøker for sjølvstudium og tenkt som ei hjelp gjennom heile arbeidet med masteroppgåva. I tillegg er det ei grunnbok i samfunnsvitenskapleg metode (Bryman, 400s), litt om etiske retningslinjer (40s) og eit særpensum (ca 150s). I medievitskap er dette særpensumet utdrag av orgnialtekster frå Læg Reid/Skorgens *Hermeneutisk lesebok* (intro, Ricoueur, Gadamer, Dilthey).

Utfordringar:

* Få les nok kurslitteraturen anna enn i samband med sine prosjektskisser der det opplevest direkte naudsynt siden det det ingen eksamen i pensum

* Er vektinga av pensum teneleg?

Metode

Kurset skal "gje eit oversyn over breidda av metodiske tilnærmingar i faget". Dette er svært utfordrande. Både informasjonsvitenskap og medievitenskap er breie fag med mange "metodiske" tilnærmingar. Og om det er ein del naturlege berøringspunkt (td. samf. forskingsmetode for studiar av brukarar i HCI-prosjekt etc., designmetode for medievitarar), vil ofte kravet til metodene vere nokså ulike (td. "brukartesting" av ein app kontra intervjuundersøkingar i publikumsstudiar).

Formålet med metodeundervisninga framstår fanga i eit dilemma. Skal dette primært vere

* ei slags orientering om metodebreidda i faget, med påminning om grunnleggjande styrker for desse metodane (td. begrunningar for intervju som metode) og vekt på praktiske vurdeirngar (kor mange skal ein intervju, korleis set ein opp ein intervjuguide,

korleis skal ein transkribere intervju etc.) som skal hjelpe studentane velje (og begrunne) eigna metodar for sine prosjekt, eller

* eit "metodekurs" som, kompensering for fråveret av tilsvarnde metodekurs på faget, skal gje ei brei, felles metodeutdanning for å styrke deira kompetanse, uavhengig av masteroppgåveprosjektet (dette er ting som me ynskjer ein master i medievitenskap/ infovitenskap skal kunne)?

Mi erfaring er at sjølv om ein forsøker formidle til studentane at metodeundervisninga har beggje desse hovudformåla - å hjelpe dei i prosjektet og å styrke dei meir generelt - er studentane svært fokusert på sine masteroppgåveprosjekt, og at dei ofte verkar oppleve deler av metodeundervisninga som irrelevant for dei av den grunn. Dette er sjølvstapt dels ei pedagogisk oppgåve for kurshaldarane å formidle betre, men her ligg her ein reell motsetnad ein bør drøfte.

Ei anna utfordring er tverrfagligheita både mellom og innanfor faga. I praksis betyr dette at nivået på metodeundervisninga er nokså grunnleggjande. Alle medievitane har td. litt samf. metode frå MEVI102, men ingenting obligatorisk seinare. Så vidt eg veit har ikkje infovitarane noko særleg slik metodeundervisning frå før. Slike ting gjer det vanskeleg å halde noko anna enn nokså grunnleggjande innføringar, og sidan dette også er knytt til prosjekta har dei ofte preg av å vere nokså handverksmessige (i fjor vart dette supplert med nokre praktiske workshops i metode, jfr. plan). Eg har prioritert å lære dei korleis dei skal produsere gode data (korleis gjere/planlegge intervju / surveyar, m.a. med fokus på utforming av intervjuguidar og spørreskjema, utvalsproblematikk, praktisk råd om gjennomføring og vanlege utfordringar mm.), men det har ikkje opplevd vore tid til å lære dei noko særleg om korleis slike data skal analyserast, gjeve alt anna som skal inn i kurset.

Ei anna utfordring (sett frå medievitenskap) er at ein del studentar skal gjere kvalitative tekstanalyser, og spørsmålet i kva grad Infomevi300 skal dekkje slikt i undervisninga. Det har tradisjonelt vore 1-2 forelesingar om hermeneutikk og tekstanalyse, men pensummessig er dette langt mindre enn for samfunnsvitenskapleg metode. Dette er slik eg oppfattar det eit val som vart gjort når kurset originalt vart oppretta. Argumentet for å gjere det slik er då at den tekstanalytiske undervisninga foregår på alle nivå (og er vanleg på masterkurs), men den samfunnsvitenskaplege metodeundervisninga stoppar på MEVI102 - og at Infomevi300 tradisjonelt er tenkt kompensere for dette. Ofte vil tekstanalytiske masterkurs gå parallellt med Infomevi300. Men denne vektinga kan - og bør - ein drøfte.

Eg har ikkje så sterke meiningar om dette, men innrømmer at det er utfordrande å halde metodeundervisning for eit så breidt publikum, med så ulike føresetnadar. Men vil understreke at skiljet i metodiske føresetnadar og motivasjon / skissetema går ikkje berre mellom infovit. / medievit, men og i stor grad internt i faga. Dette er to fag med enormt spenn, på godt og vondt.

Det er berre bra med slik variasjon når ein underviser generelt om kva som kjenneteiknar vitenskap eller etiske spørsmål, og eg trur også dei ålmenne samfunnsvitenskaplege forelesingane er relevante for mange på beggje fag. Men eg tenkjer at det kan vere ein fordel om ein ser nøye på metodeundervisninga og vurderer - frå eit infovit. og medievitenskapleg synspunkt - kva ein ynskjer dette skal innehalde.

Sosialt miljø / fagmiljø / blomsterenga

Infomevi300 må ventast vere miljøutviklande, både fagleg og sosialt. Spesielt skissegruppene bidreg nok til at folk vert betre kjende med kvarandre og kvarandres prosjekt, og ein del felles forelesingar bidreg både til at studentane (og kurshaldarane) vert litt kjende på tvers av faga, og også, at studentane vert kjende med nokre frå den vitenskaplege staben frå "den andre delen av instituttet". Dette må seiast vere udelte positive ting.

Det er og truleg at dette har bidrege litt til fagleg utveksling, kanskje mest metodisk. T.d. har infostudentar som skriv om HCI oppgjeve opplæringa i intervjumetode her som viktig for sine prosjekt (td. Sørheim), og medievitenskapstudentar har tilsvarende oppgjeve observasjonsforelesingar i infovit. i sine prosjektskisser. I nokre tilfelle har medievitenskapstudentar hatt folk i infovit.staben som rettleiarar (om eg tek rett: Barbara, Frode, Dag), eg veit ikkje om det motsette har skjedd. Me som er kurshaldarar opplever får også litt kontakt - og tidvis skisserettleing - med studentar frå det andre faget.

Det er likevel vanskeleg å seie kor stor denne gevinsten er. Av medievitenskapstudentar framstår interessen for (kommunikasjons)teknologi og IT verkar vere svært låg. Interesse verkar hovudsakleg ligge på innhaldssida (spesielt journalistikk, dels film/tv-seriar), publikum (kultur/mediebruk) og dels på institusjonelle tilhøve (e.g. mediepolitikk, eigarskap). Endåtil prosjekt om dataspel er sjeldne. Årsakane til dette er uvisse.

Det er openbart at det er store felles område der medievitenskapen og informasjonsvitenskapen vil vere svært berikande på kvarandre, men det er nesten ingen medievitenskapstudentar som har hatt slike prosjekt i min tid. Eg veit ikkje korleis dette ser ut for dei informasjonsvitenskaplege studentane. Men dette må ein nok sjå på studentanes totale kursløp og rekruttering for å forstå betre. Mi erfaring er at studentane vel mastertema hovudsakleg utifrå tidlegare kurs (spesielt kurs med bacheloroppgåve eller eit masterkurs), og kva som skjer på Infomevi300 verkar ha lite innverknad på deira temaval.

Delingsspørsmål I: Skisseseminar + forskingskurs? Eller eit kurs?

Om ein tenkjer dette som to kurs i eitt - eit "skisseseminar" og eit "forskingskurs" er skisseseminalet allereide delt, og forskingskurset er vel kring 3/4 felles.

Eg trur det ville vore ein fordel å skilje skisseseminalet og metodekurset i to kurs (td. 5+10 eller 7,5*2 stp.) om det let seg gjere:

- * skissekurset kan då gå kvart semester (og kan då takast av alle i sitt andre mastersemester, og slik har betre grunnlag for å gjere valet og ein unngår opphald mellom levert projektskisse og starten av arbeidet med masteroppgåva)

- * metodekurset treng berre gå ein gong i året.

- * Det vil også kanskje gjere det tydligare for studentane at metode/forskingsdelen av kurset ikkje primært skal vere relevante for deira prosjekt, men er ein del av den ålmenne faglege danninga deira.

- * Det kan og gjere det lettare å ha ein pensumtest/eksamen for metodelitteraturen, som vil vere skjerpande for lesinga.

- * Eit anna spørsmål er om eit slikt metodekurs eigentleg burde liggje på 200-nivå.

Delingsspørsmål II: Info300+Mevi300? Eller InfoMevi300?

Om "forskingskurset" (ev. eit kombinert kurs, som i dag) skal vere delt mellom infovit. eller medievit eller ikkje er eg - delt - i synet på. Det er sjølvsagt lettare å undervise mindre, meir fagleg homogene grupper. Uansett vil eg tenkje at ein del kan med fordel vere felles som no - samf. metode (i alle fall oversiktsforelesingane), etikk, vitenskap meir grunnleggjande. Om ein formelt har dette som to kurs med ein del fellesforelesingar, eller

som eit kurs med ein del delte forelesingar (kanskje også fleire enn i dag) vil truleg i praksis ikkje vere så ulikt.

Utfordringar / ulemper ved å skilje kurset mellom infovit og medievit:

- * eit av dei to felleskurset ved instituttet fell bort, det einaste på masternivå
- * noko mindre fagleg og sosial kontakt mellom studentgruppene og studentar/den andre faglege staben og kurshaldarane imellom.
- * ein del av forelesingane/aktivitetane fungerer godt som fellesforelesingar/-aktivitetar, og det vil framleis vere ynskjeleg å samordne desse
- * færre studentar vil truleg nytte seg av forelesingstilbod på “det andre” fagets tilsvarende kurs. Barrieren for å ta ei “frivillig” forelesing i INFOMEVI300 er nok lågare enn for å gå på eit heilt anna kurs.
- * stor ressursbruk om ein skal ha 2+2 kursansvarlege? Alternativt vert kursansvarleg sitjande åleine. Kven skal organisere ev. fellesaktivitetar i kurset?

Moglege føremuner / argument for deling:

- * kurset er pr. i dag allereide delvis delt
- * meir fagleg homogene grupper med meir like føresetnadar (td. alle medievitkapsstudentane har då MEVI102)
- * kan gje noko større fagleg tilpassing av kursinnhaldet / forelesingane til faget
- * mindre grupper gjer andre undervisningsformer lettare (e.g. workshops)

Det ligg framleis eit klart fagleg potensiale i å bringe studentane og faga nærare saman, som har vore sentralt i instituttets målsetjing sidan samanslåinga. Infomevi300-kurset er pr. i dag fagleg og sosialt integrerande for både studentar og stab. Det er også ressursparande, og har element som er fornuftige å framleis samarbeide om. Om dette veg opp for dei faglege føremunene med ei oppdeling må gruppa vurdere. Her har eg ingen sterke meiningar.

Jan Fredrik